

## Årsmelding 2003



Akvarell frå framsida av nytt turkart, måla av Gro Børhei

### Utdrag frå fjellstyret si verksemd 2003:

#### Tilskot og tiltak:

Tilskot til veganlegg	102.733 kr
Tilskot diverse	24.435 kr
Tilskot fellesprosjekt friluftsliv	5.500 kr
Valdres utmarkskontor	25.500 kr
Friluftstiltak	10.761 kr
Fiskekulturarbeid	73.966 kr
Trykking av turkart	122.430 kr
Innkjøp av lager	365.450 kr

<b>Innhald</b>	<b>side</b>
<b>Fjellstyre</b> .....	<b>3</b>
Medlemmer .....	3
Aktivitet.....	3
<b>Fjelloppsyn</b> .....	<b>3</b>
Tilsette .....	3
Aktivitet.....	3
Refusjon.....	3
Samarbeid – oppdrag.....	4
<b>Stølsbruk</b> .....	<b>4</b>
Stølar, beite og tilleggsjord.....	4
<b>Stølsvegar</b> .....	<b>4</b>
Massetak .....	4
Stølsvegane i Syndin-området .....	4
<b>Kommuneplan</b> .....	<b>4</b>
Arealdel av kommuneplan.....	4
Kommunedelplan for Vaset Svedalen Ålfjell.....	5
<b>Fiske</b> .....	<b>5</b>
Sal av fiskekort .....	5
Registreringar .....	5
Statusoversikt for fiskevatna .....	6
<b>Småviltjakt</b> .....	<b>7</b>
Jaktkortsal .....	7
Forvaltning .....	8
Jaktstatistikk .....	8
<b>Elgjakt</b> .....	<b>10</b>
Administrasjon .....	10
Elgtrekk .....	10
Driftsplanarbeidet .....	10
Jaktstatistikk .....	11
<b>Rådyrjakt</b> .....	<b>11</b>
<b>Jaktprøver</b> .....	<b>11</b>
<b>Tilskot</b> .....	<b>11</b>
Tilskot frå fjellstyret:.....	11
Grunneigarfondet.....	12
<b>Informasjon - tiltak for friluftsliv</b> .....	<b>12</b>
Informasjon .....	12
Inatur - internettportal.....	12
Turkart .....	12
Tilrettelegging for friluftslivet.....	13
Rekruttering.....	<b>13</b>
<b>Militære øvingar</b> .....	<b>13</b>
<b>Motorisert ferdsel i utmark</b> .....	<b>13</b>
<b>Økonomi</b> .....	<b>13</b>
Generelt .....	13
Resultat .....	13
<b>Vasetfondet</b> .....	<b>14</b>
<b>Vedlegg til årsmeldinga:</b> .....	<b>15</b>
Resultatrekneskap.....	15
Noter til rekneskap .....	17
Balanserapport.....	18
Revisjonsmelding .....	19

# Årsmelding 2003

## Fjellstyre

### Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

	<u>januar-oktober</u>	<u>oktober-desember</u>
Leiar	Kjell Strand	Kjell Strand
Nestleiar	Marit Anny Løken Tvenge	Kari Tyldum
Styremedlem	Kari Tyldum	Hilde Bråten
Styremedlem	Embrik Før	Embrik Før
Styremedlem	Kjell Magne Snortheimsmoen	Kjell Magne Snortheimsmoen

### Aktivitet

Fjellstyret har hatt 7 ordinære styremøte, behandla 71 saker og vore på 1 befarung. Det har vidare vore eit møte om attgroing av fjellområda. I tillegg deltok representantar på årsmøtet for fjellstyra i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om driftsplan for elg m.m.

Kjell Strand er representert i styret for Norges fjellstyresamband, styret for Fjellstyra i Oppland, styret for FOSA, driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre og i Regionalt oppsynsutval. Fjellstyreleiaren har i tillegg delteke på ulike møter og befarungar.

## Fjellopsyn

### Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjellopsyn I Harald Ranum i 100 % stilling.

Fjellopsyn II Endre Hemsing i 60 % stilling.

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med tiltak for friluftslivet og fiskekulturarbeid.

### Aktivitet

Fjellopsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåve for fjellopsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver.

Fjellopsynet har representert fjellstyret i ulike samanhengar, m.a. har Endre Hemsing vore styremedlem i ”Prosjekt bedre bruk av regulerte vassdrag”.

### Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsorninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Regelverket for tildeling av refusjon skal vurderast ut frå aktiviteten i allmenningane. Fjellstyret fekk kr 214.408 i refusjon frå staten. Dette er nedgang på over kr 43.000 mot året før.

## **Samarbeid – oppdrag**

Siste år hadde ein følgjande faste oppdragsgjevarar:

- Arbeid for Fjellstyra i Oppland settefiskanlegg (FOSA)
- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark og militære øvingar i Ulnes sameige
- Fjelloppsyn for Vang fjellstyre i Eidsbugarden fjelleigedom

Det er i tillegg utført ein del kortvarige oppdrag for ulike oppdragsgjevarar.

Etter fjelloppsyn II Endre Hemsing gjekk ned til 60 % stilling er det ikkje rom for å ta på seg så mykje oppdrag som tidlegare.

Inntektene ved utleige av tenester er kr 88.555.

## **Stølsbruk**

### **Stølar, beite og tilleggsjord**

Fjellstyret har tilrådd utvising av tilleggjord/beite til Gardshaug 69/2 i Bukono og Lagrud 76/2 på Kvålsstølen.

Fjellstyret har motteke søknad om støl til Rudvang 81/18 ved Rensenn. Søknaden vart avslegen då søkjaren ikkje driv husdyrhald.

## **Stølsvegar**

### **Massetak**

Stølsvegen Fosehimstøl-Liset har fått godkjenning på utviding av grustak ved Feøddin.

### **Stølsvegane i Syndin-området**

Fjellstyret prioriterte sambindingsvegen ved Syndin ved tildeling av tilskot i 3 år (2000-2002). Fjellstyret har gitt kr 450.000 i tilskot fordelt på desse 3 åra. I tillegg har ein fått kr 150.000 i stønad frå Grunneigarfondet. Arbeidet med vegen frå Lostøl til Krokåne vart slutført i 2003.

## **Kommuneplan**

### **Arealdel av kommuneplan**

Kommunen har utarbeidd ny arealdel til kommuneplan og fjellstyret har hatt planutkastet til uttale. Fjellstyret er relativt godt tilfreds med planen som i stor grad samsvarar med fjellstyret sine ynskjer om framtidig forvaltning av allmenningen. Kommunestyret tok likevel ikkje omsyn til merknader frå Statskog og fjellstyret som gjekk mot omregulering av 62 daa ved Nøsen fjellstue frå LNF-område til utbyggingsområde.

Kommuneplanen vart vedteken med auka maksimalgrenser for hytter. Areal vart auka med 20-30 %, dette er eit areal tilsvarande 135 nye hytter. Sidan planen vart vedteken med vesentlege endringar utan ny høyring, klaga fjellstyret over kommunestyret sitt vedtak. Deler av kommuneplanen er derfor ikkje rettskraftig og planen sendt ut til ny høyring.

## Kommunedelplan for Vaset Svedalen Ålfjell

Kommunen har starta opp arbeidet med revidering av kommunedelplan Vaset-Ålfjell-Svedalen. Inntil vidare har fjellstyret gjeve signal om at eksisterande grenser for kommunedelplanområdet bør vera som tidlegare. Fjellstyret vil delta aktivt i det vidare planarbeidet i 2004.


## Fiske

### Sal av fiskekort

Det vart selt 1289 stk fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande. Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 169.360. Dette er ein liten nedgang mot rekordåret 2002. Fjellstyret har hatt utgifter til settefisk og anna kulturarbeidd på kr 73.966. I tillegg kjem arbeidet fjellopsynet har gjort.

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år
8	1	3	74	1	0	0	31	385	222	54	196	83	60	30	152
86				32				857				325			
118								1182							
1289															





## Registreringar

I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrere grunnlag å vurdere kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna.

## Statusoversikt for fiskevatna

Vatn	Antal utsett aure	Status for auren	% merka aure i fangst	Aktuelle tiltak framover
Rensenn 0 prøver	Naturleg rekruttering	God vekst, litt mager fisk. Gode gyte- og oppveksttilhøve.		Prøvefiske Få inn fleire fiskeprøver
Grønsenn 82 prøver	800 1-årig Grønsenn	Særs god vekst og fin aure. Det er teikn på aukande bestand	58	Ekstra merksam på bestandsutviklinga
Nestisvatn 20 prøver	300 1-årig Grønsenn	Særs god vekst. Framleis tynn bestand. Stor andel merka aure.	65	Halde fram med opprydding i bekkane og registrere yngel.
Midtre Syndin 65 prøver	800 2-årig Grønsenn	Særs god og uthaldande vekst . Litt tynn bestand men ein del stor aure	72	Registrere yngel i bekkane.
Sørre Syndin 61 prøver	600 2-årig Grønsenn	God og uthaldande vekst. Tynn bestand men ein del stor aure. Auka utsettinga sist år	77	Fylgje med på rekrutteringa.
Storfjorden 0 prøver	10 000 2-årig	Middels god vekst.	67	Halde fram med registrering av merka aure i fangstane. Få inn fiskeprøver
Mosvatn 59 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. 80 % av auren har bendelorm	3	Vurdere tiltak i høve til parasittar
Halvorstølstj/n abotj. 4 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Stabil aurebestand, middels kvalitet. Rapportar om eindel stor abbor		Auka uttak av abbor er ynskjeleg. Reinske gytebekkar
Strøstjern	100 2-årig	Har ikkje prøver frå dette vatnet 2003		Fiske hardt på abbor. Samle inn prøver frå aure.
Svult 8 prøver	100 1-årig Grønsenn	God vekst på auren God bestand. All fanga aure er merka.	100	Stabilisere bestand Tiltak i gytebekk
Skardstjern	50 1-årig	Har ikkje prøver frå dette vatnet 2003. Bestanden er i ferd med å ta seg opp.		Ørekytefangst Få inn prøver frå aure
Skruvletjern	Naturleg rekruttering	Middels god vekst, god bestand		Få inn fleire prøver frå aure
Kringeltjern	Naturleg rekruttering	Særs god vekst, 23 cm på 3 år. Høg k-faktor og raud kjøtfarge. Det er ikkje ørekyte i vatnet	100	Halde vatnet reint for ørekyte.
Bjødnhøvdjtj.	100 1-årig	Aurebestanden her vore svært tynn/heilt borte nokre år. Det er ikkje ørekyte i vatnet		Halde vatnet reint for ørekyte. Få inn fiskeprøver
Langebergjtj.	100 1-årig	Svært god vekst. Auren har no nådd høveleg storleik		Finne ut om det er ørekyte i vatnet. Få inn fiskeprøver
Lomtjern	100 1-årig	God vekst.		Få inn prøver frå aure. Betre gytetilhøva.

Ut frå fangstrapportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt for 2003:



## Småviltjakt

### Jaktkortsal

Jaktkortsalet gav ei inntekt på kr 282.540. Dette er ein liten oppgang mot 2002 .

Jaktkortsal									
innanbygds		utanbygds							
fritt kortsal		regulert sal			fritt kortsal				
U/hund	m/hund	u/hund		m/fuglehund	m/harehund	u/hund	m/fuglehund	m/harehund	
		1.p	2.p	1.p	2.p				
34	19	44	36	77	83				
53		80		160		60	65	40	45
		300			150				
450									
503									

## Forvaltning

Fugl:

Det har vore dårleg med lirype heilt sidan starten av 1990-talet. På bakgrunn av dette har fjellstyret reduserte jaktpresset ved ulike tiltak. Talet på jaktkort vart redusert med 20 %, lirype vart freda for alle korttypar etter 10 dagar, det vart innført dagkvote på 2 liryper og 2 fjellryper og jakt etter fjellrype vart avgrensa til å gjelde over skoggrensa på Bukono- og Gilafjellet. Etter initiativ frå jeger- og fiskarlaget vart jakttida for småvilt, utanom lirype, utvida til 15. desember. Tiltaka har redusert jaktpresset på rype samstundes som vi har kunne gi jegerane eit jakttilbod. Jaktresultatet i år viser ein liten nedgang i høve til i fjor. Stamma bør opp på eit høgare nivå før ein kan auke jaktpresset att.

Tidlegare meinte forskarane at jakt hadde liten innverknad på rypestamma. Nyare forskingsresultat tyder på at jakt likevel har stor innverknad, særleg i lett tilgjengeleg terreng. Dette vil stille større krav til forvaltninga av viltet i framtida, med betre tilpassa avskyting etter storleik på bestand. Sluttrapport frå "Rypeprosjektet" er ikkje lagt fram enno og fjellstyret vil vurdere ny forvaltningsmodell når denne blir lagt fram.


Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men jaktpresset har gått ned i takt med redusert bestand. Jaktresultatet syner at bestanden er låg med ei felling som dei to føregåande åra.

## Jaktstatistikk





Ut frå rapportane har ein berekna total felling til stk 588 ryper, stk 71 orrfugl og 64 stk harar. Etter rapportane var produksjon av lirype på 2,2 kjuklingar pr. vaksne par. Jaktstatistikken for mange år tilbake er usikker fordi svarprosenten har vore låg, spesielt for innanbygds. Det som gir det beste samanlikningsgrunnlaget er resultatet frå utanbygds jegerar i regulert periode og statistikk er derfor berekna ut frå dette.



### Kjuklingproduksjon



Frå 1997 har utanbygds jegerar i regulert periode også rapportert "sett vilt" av lirype, fjellrype, orrfugl og hare. Tal frå desse rapportane må ikkje lesast bokstavig, men dei gjev eit inntrykk av utviklinga av småviltstamma.







## Elgjakt

### Administrasjon

Administrasjon av elgjakta har vore lagt til Statskog. Dei står for arbeidet med kontraktar og oppgjør. Arbeidet med driftsplan, jegerar, oppsyn m.v. står fjellstyret for. Inntektene av elgjakta går til fjellstyret, etter at Statskog har trekt 5 % i administrasjonskostnader. Elgjakta gav ei inntekt på kr 115.810.

Noregs fjellstyresamband har arbeidd med å få overført administrasjon av elgjakta til fjellstyra og i 2003 vart det klart at fjellstyre tek over forvaltninga for elg, hjort, rådyr og gaupe frå 2004. Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skal skje på Inatur, nettportalen som bl.a. fjellstyresambandet er medeigar i.

### Elgtrekk



Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terreng, samstundes gir dette elgjegerane eit godt tilbod. Dette ser ut til å fungere godt og er bra motteke av jegerane. Elgtrekken er brukt til å kjøre ut 7 av dei felte dyra.

### Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlaga i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Ein er no inne i tredje planperiode og har gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterk vekst før ein starta med driftsplanarbeidet, og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. Målet er no å halde stamma på det nivå ein har i dag. Totalt kvote i kommunen var i 2003 på 120 dyr.

## Jaktstatistikk



## Rådyrjakt

Kortsalet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 6 rådyrkort, og eit dyr vart felt. Kortsalet gav ei inntekt på kr 1.200.

## Jaktprøver

Det vart arrangert 1 vinterprøve og 1 haustprøve. Det var ingen merknader til avviklinga av prøvene. Prøvene gav ei inntekt på kr 19.270. Auka inntekter kjem av at manglande innbetaling frå tidlegare prøver er innbetalt i 2003.

## Tilskot

### Tilskot frå fjellstyret:

Fjellstyret har brukt så store summar på tilskot og investeringar dei siste 2-3 åra at eigenkapitalen har vorte for liten til å drive gjennom året utan å låne pengar. Ein har derfor måtte redusere tildeling av tilskot. I året har fjellstyret gjeve kr 127.167 i tilskot til veg og allmenntilrette føremål.

Fjellstyret har gjeve følgjande tilskot i 2003:

Stølsveg

Vaset-Mukelie	kr	75.000
Nøsen-Bukono	kr	25.000
Panoramvegen-Øvre Nøsen	kr	2.500
Allmennyttige føremål	kr	
Valdres forsøksring	kr	1.500
Bufarhelga	Kr	8.965
Skibuss	Kr	2.000
Valdres landbruksnytt	Kr	1.500
Jegerprøvekurs	Kr	5.970
Bok om sløefiske	kr	2.000
Norske Bygdeopplevelser	kr	2.000
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>127.167</b>

## Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Det vart i 2002 utarbeidd utfyllande reglar for tildelinga av midlar frå Grunneigarfondet. Ved tildeling av tilskot vil det bli lagt stor vekt på utvikling av nye næringar. Etter fjellstyret sitt syn kan det reisas spørsmål om retningslinene er i samsvar med fjellova, men vil avvente praktisering av regelverket før ein eventuelt tek opp saka til diskusjon.

Fjellstyret har kjøpt eit lagerbygg på Vaset til kr 365.450 og vi fekk kr 155.000 i tilskot frå grunneigarfondet til kjøpet. Brutto utgifter for lageret vart kr 210.450. Lageret skal nyttast av Vasetløypne og fjellstyret.

## Informasjon - tiltak for friluftsliv

### Informasjon

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret. Fjellstyret har internettsider (<http://www.fjellstyrene.no/vestre.slidre>) med informasjon om jakt, fiske og anna informasjon om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene.

### Inatur - internettportal

Internettportalen Inatur er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstyresamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart.

### Turkart

Turkart vart revidert og trykt opp på nytt. Dette er eit turkart for heile kommunen i målestokk 1:50.000. Kartet vart trykt i eit opplag på 2500 bretta og 500 ubretta. Kartet er svært godt motteke og vi har alt selt ca. halvparten av opplaget. Kostnadene til kart, eksklusivt eige arbeid, kom på kr 122.430.

## **Tilrettelegging for friluftslivet**

Pga den økonomiske situasjonen til fjellstyret er det berre gjort mindre tilretteleggingstiltak for friluftslivet. Fjellstyret ser arbeidet som Vasetløypne gjer på Vaset som svært viktig for næringsutvikling i område. Fjellstyret har derfor lagt til rette for at Vasetløypene får nytte fjellstyret sitt lageret på Vaset til lagring av utstyr og tråkkemaskin.

## **Rekruttering**

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare i 2003. Det er gjennomført ein fiskedag for 6. klassane i Røn og Slidre, fiskedag ved Buaraåne i juli, fiskeutsetting saman med 9. klasse og stamfiske med friluftsgruppa på ungdomsskulen. Samarbeidsgruppa har kjøpt inn stor 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Fylkesmannen i Oppland gav kr 12000 i tilskot til rekrutteringsarbeidet og i samband med "Ferskvannets år" fekk samarbeidsgruppa i tillegg kr 15.000 i tilskot. Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort for ungdom tom 20 år.

## **Militære øvingar**

Vi har hatt allierte militære øvingar i Vestre Slidre statsallmenning i mange år, men aktiviteten har etter kvart vorte redusert. I 2003 vart ikkje allmenningen brukt i særleg omfang.

## **Motorisert ferdsel i utmark**

Ulovleg bruk av snøskuter er framleis eit problem. Dette er ei utvikling som ikkje er spesiell for Vestre Slidre, men ser ut til å utvikle seg i fleire områder. Erfaring syner at miljøet blir tøffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn aleine.

Det trengst større samarbeid både frå fjelloppsyn, politi, SNO og kommune for å få dette under kontroll. Frå Regionalt oppsynsutval er det ynskje om snøskuterkontroll over kommunegrensene mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Fjellstyret har vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for dette føremålet.

Motorferdselsloven innskrenkar ikkje grunneigaren sin rett til å regulere motorisert ferdsel. I allmenningen er det derfor laga løyper slik at all kjøring blir kanalisert til trasear. Dette løypenettet vart revidert i 2003.


## **Økonomi**

### **Generelt**

Fjellstyret er eit frittstående organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Landbruksdepartementet og delegert til Statskog). Fjellstyret får dessutan refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.

### **Resultat**

Rekneskapet syner eit underskot på kr 81.110. Av dette utgjer kr 212.497 nedskrivning av verdier i FOSA BA og Valdres utmarkskontor.



## Eigenkapital

Eige 1.1.03	519.274 kr
Underskot 2003	-81.110 kr
<u>Eige 31.12.03</u>	<u>438.164 kr</u>

Eigenkapitalen er redusert til kr 438.164 og av dette er kr 200.000 bunde i lageret på Vaset. Fri kapital er ved bankinnskot og beholdning av kart på kr 238.164.

Eigenkapitalen er i dag under det ein bør ha for å kunne drive gjennom året utan å bruke kassakreditt. Dette skuldast at inntektene i stor grad kjem i slutten av året. Fjellstyret må bruke mindre til tilskot og friluftstiltak for å auke eigenkapitalen ein del. Gjennomføring av den nye festeloven kan på sikt føre til auke i festeinntektene, men det tek fleire år før alle avtalene er regulert. Nye festetomter på Vaset vil føre til auka inntekter når alle tomtene i Vasetlia hyttefelt er selt.

## Vasetfondet

Fjellstyret er tillagt administrasjon av Vasetfondet. Fondet skal kunne brukast til tiltak knytt til stølar i Vasetområdet.

Om fondet ikkje var brukt opp innan 2002 skulle midlane overførast til fjellkassa. Fjellstyret annonserte derfor etter tiltak som var aktuelle å finansiere frå fondet. Fjellstyret har motteke fire søknader om tilskot, men alle søknadane er ikkje sluttbehandla. Det er søknader for eit større beløp enn det som er på kontoen og fondet vil bli avvikla i løpet av 2004.

Rekneskap for Vasetfondet:

Eige 1.1.03	kr 184.837,00
Utbetalt tilskot	kr -14.000,00
Renter	kr 7449,00
<u>Eige 31.12.03</u>	<u>kr 178.286,00</u>

Årsmeldinga er vedteke i fjellstyresak 19/2004.

## Vedlegg til årsmeldinga:

### Resultatrekneskap

	2003			2002
		Merknader	Noter	
<b>INNETEKTER</b>				
ROGNSALG.....	9 000			9 000
KARTSALG AVG. PLIKTIG..	87 491			25 367
ELGTREKK UTLEIE.....	1 800			2 850
OPPDRAK UTLEIGE AVG.PL.	31 286	1.)	5	78 024
VARESALG	3 978			0
STORVILTJAKT	117 010			133 291
FISKEKORT	169 360			175 940
SMÅVILTJAKT	282 540			264 690
JAKTPRØVE.....	19 270			8 515
OPPSYNSTJ. UTLEIE AVG.FRI	57 269	1.)	5	97 319
ERSTATNING VASSDRAGREG.	7 295			7 295
TILSKOTT.....	-10 000	2.)		294 449
REFUSJON OPPSYNUTG. STAT	214 408			257 493
UFAKT. OPPSYN & JAKTKORT	753			-11 200
FESTEAVGIFT.....	448 455			407 044
<b>SUM DRIFTSINNETEKTER....</b>	<b>1 439 915</b>			<b>1 750 077</b>
<b>VARER</b>				
KART KOSTNADER.....	-70 430			
JAKTKORT KOSTNADER.....	-10 435			
<b>VAREKOSTNAD</b>	<b>-80 865</b>			
<b>LØNN</b>				
LØNNINGER	-526 868	1, 7, 9)	2, 5	-632 446
FERIEPENGER	-50 498	1.)	2, 5	-44 748
ARBEIDSGJEVARAVGIFT....	-37 131	1.)	2, 5	-49 104
PERIODISERT ARB.G.AVG..	-3 156	1.)	2, 5	371
AGA.PL. PENSJONSKOST...	-45 034	1.)	2, 5	-91 261
FORSIKRING/HELSEUTGIFTE	-2 709	1.)		-2 164
BIL & KM GODTGJ. OPPG.P	-40 592	1.)	5	-54 547
DIETT/REISE UTGIFTER...	-5 075			-9 360
DIETT STATENS SATSER...	-5 800	1.)	5	0
ANNEN GODTGJ.:MOTORSAG/LAGER M.M	-7 058	1.)	5	-7 848
<b>LØNNINGER MED MER</b>	<b>-723 920</b>			<b>-891 106</b>
HUSLEIE & LOKALER	-50 233			0
UTSTYR/MATER.KJØP/REP..	-9 118			-80 893
TELEFON/DATAUTSTYR.....	-10 377			0
ARBEIDSTØY/VERNEUTSTYR.	-3 502			0
FISKEKULTURARBEID.....	-73 966	1.)	5	-77 047
JAKT & FISKESTATISTIKK.	-20 410			0
FRILUFTSMIDLER.....	-10 761		5	-173 529
DIVERSE UTGIFTER.....	-10 626			-9 853

SNØSCOOTER/ELGTREKK....	-3 391			-8 759
INNLEIGDE TJENESTER	-52 711		2	0
KONTORKOSTNAD MED MER	-30 432	3.)		-224 503
TELEFON	-19 924			0
PROVISJON KORT/KART SALG	-25 381			-29 930
KONTINGENTER M/ FRÅDRAG	-34 085			0
TILSKOTT STØLSVEG.....	-102 733			-406 848
TILSKOTT ALMENN.FORMÅL.	-24 435	4.)	6	-20 440
FELLESPROSJ. FRILUFTSLI	-5 500			0
STYRE & BEDR.FORSAML.MØ	-12 119			0
TAP PÅ FORDRINGER.....	-3 930			0
<b>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>-503 633</b>			<b>-1 031 801</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>131 496</b>			<b>-172 830</b>
RENTEINNTEKT BANK.....	10 428			8 210
RENTEKOSTNAD BANK.....	-12			
RENTEKOSTNAD LEVERANDØR	-75			
<b>NETTO RENTER</b>	<b>10 341</b>			<b>8 210</b>
<b>ORDINÆRET ÅRSRESULTAT DRIFT</b>	<b>141 837</b>			<b>-164 620</b>
AVSKRIVING LAGER VASET	-10 450	5.)	3	
<b>RESULTAT FØR EKSTRA ORD. POSTER</b>	<b>131 387</b>			<b>-164 620</b>
NEDKRIVINGER AKSJER/FORDR.	-212 497	6.)	4	
<b>RESULTAT E. EKSTRA ORD. POSTER</b>	<b>-81 110</b>			<b>-164 620</b>
<b>ÅRSRESULTAT.....</b>	<b>-81 110</b>			<b>-164 620</b>
<b>NETTO LIKVIDITETSMESSIG RESULTAT</b>	<b>-68 613</b>			<b>-164 620</b>
<i>Inkl. kjøp lager, eks. avskrivinger og nedskrivinger</i>				



## Noter til rekneskap

### note 1 regnskapsprinsipp

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak med tilpasning for fjellstyrer. Kundefordringer er satt opp til virkelig verdi.

### note 2. Tilsette, godtgjørelser lån til tilsette m.m.

Lønninger	577 366
Arbeidsgiveravg.	40 287
Pensjonsordning, betalt premie er utgiftsført	45 034
Andre lønnskostnader	61 234
	<u>723 920</u>

Gjennomsnittleg antall årsverk	1,6
Ytelse til formann i styret er avsett, ikkje vedtatt kr.	15 000
Revisorhonorar er kostnadsført med kr.	5 208

### note 3. Varige driftsmidler

Lager på Vaset er kjøpt i år 2003

Innkjøpssum	365 000
Ekstrautstyr	450
- Tilskott frå Statskog	<u>-155 000</u>
Balanseført verdi.	<u>210 450</u>

Vanleg regnskapsskikk for tilskott er å nedskrive dette mot kostprisen. Bokført verdi lager blir difor kr. 210.450,-. Dette blir avskrivd over 21 år i regnskapet. Årets avskrivning blir kr. 10.450,-.

### note 4 Langsiktige aksjer og fordringer

Aksjer FOSA har kostnadsført verdi på kr. 55.000,- Disse er nedskrivd til kr. 1,-

Aksjer Valdres Utmarkskontor er 5 aksjer innkjøpt til kr. 25.000,- pluss overkurs kr. 2.500,-.

Disse er nedskrivd til kr. 1,-

Langsiktig fordring FOSA er kr. 130.000,-. Dette kravet er nedskrivd til kr. 1,-

### Note 5 Refusjonsberettiga oppsyn 2003 kjem fram slik

personalkostnader fast tilsette	555 261	Regnskap avd 1
diett & andre godtgjersler	12 858	Regnskap avd 1
km	33 118	Regnskap avd 1
fiskeutsetting	3 000	
Friluftsmidler & fiskekultur	10 571	
oppdrag avg. pliktig	-31 286	
oppdrag ikkje avg. pliktig	-57 269	
eige arb. ikkje ref	-20 792	
sum ref. arb.	<u>505 462</u>	

Personalkostnader er ført i avdelinger. Kostnadene er her skilt ut av dei totale i resultatoppstillinga

### Note 6 Tilskott

Tilskott til almennyttige formål er kr. 24.435,-

## Balanserapport

EIENDELER.....	2003	Merknader	Noter	2002
1100 LAGER VASET	200 000	5.)	3	
<i>SUM VARIGE DR.MIDLER</i>	<i>200 000</i>			
1352 AKSJER FOSA	1	6.)	4	55 000
1353 VALDRES UTMARKSKONTOR..	1	6.)	4	0
1395 LANGS. FORDR. FOSA AS..	1	6.)	4	130 000
<i>LANGS, AKSJER OG FORDR.</i>	<i>3</i>			<i>185 000</i>
1460 LAGER KART.....	52 000			0
<i>SUM VARER</i>	<i>52 000</i>			<i>0</i>
1500 KUNDEFORDRINGER.....	131 739			129 424
1530 OPPTJ. IKKE FAKT. DR.IN	753			0
1534 OPPSYN & JAKTKORT....	1 200			0
1571 TILSAGN OM TILSKOTT.	0			150 000
1735 LØNNSKORRIGERING.....	26 484	7.)		0
<i>SUM ANDRE FORDRINGER</i>	<i>160 176</i>			<i>279 424</i>
1900 UTLEGG TILSETTE MED MER	1 001			1 001
1920 2153.07.04561 DRIFTSKON	147 588			158 201
1930 2153.60.04669 KAPITALKO	19 584			11 011
1935 2153.07.08567 OPPDRAGSK	8 061			156 754
1936 2153.52.26269 JAKTKORT.	833			78 923
1937 2153.52.26226 FISKEKORT	567			65 693
1950 SKATTETREKKS KONTO.....	39 789			82 030
<i>SUM BANK/KONTANT</i>	<i>217 423</i>			<i>553 613</i>
<b>SUM OMLØPSMIDLER.....</b>	<b>429 599</b>			<b>833 037</b>
<b>SUM EIENDELER.....</b>	<b>629 602</b>			<b>1 018 037</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD...</b>				
2050 EIGENKAPITAL.....	-519 274			-683 894
2095 ÅRSUNDERSKUDD.....	81 110			164 620
<i>SUM EGENKAPITAL.....</i>	<i>-438 164</i>			<i>-519 274</i>
2400 LEVERANDØRGJELD.....	-60 831			-67 108
2600 FORSKUDDSTREKK.....	-44 757			-86 998
2650 FAGFORENINGSKONTINGENT.	498			0
2740 FYLKESKATTESJEFEN.....	-1 858			-20 311
2770 SKYLDIG ARB.G.AVGIFT...	-13 156			-22 005
2780 PERIODISERT ARB.G.AVGIF	-3 213			-3 895
2930 SKYLDIG LØNN.....	0			1 203
2931 UTLEGG TILSETTE.....	-2 980			-381
2932 TILSETTE UT BET. FOR MYE	4 048	8.)		5 596
2940 PERIODISERT FERIEPENGER	-50 498			-60 864
2945 PERIODISERT LØNN.....	-15 960	9.)		0
2981 AVSETNING TILSKOTT VEG.	-2 733			-244 000
<i>SUM GJELD.....</i>	<i>-191 438</i>			<i>-498 764</i>
<b>SUM EGENKAPITAL/GJELD..</b>	<b>-629 602</b>			<b>-1 018 037</b>

## Valdres kommunerevisjon

*Til*  
*Styret i Vestre Slidre Fjellstyre*

### **Revisjonsberetning for 2003**


Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre Fjellstyre for regnskapsåret 2003, som viser et årsunderskudd på kr 81.110 og egenkapital kr 438.164. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noter. Årsregnskapet er avgitt av virksomhetens daglige ledelse. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til lover og forskrifter.

Vi har utført revisjonen i samsvar med Fjelloven, rundskriv og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjonen omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I tillegg omfatter revisjonen attestasjon i henhold til punkt 4 i rundskriv 1/2003 om Fjellstyrenes regnskap og revisjonsordning med hjemmel i Fjelloven. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for Vestre Slidre Fjellstyre sin økonomiske stilling 31. desember 2003 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk.
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god regnskapsskikk.
- ledelsen har ivarettatt de krav som stilles i pkt 4 i rundskriv 1/2003 om Fjellstyrenes regnskap og revisjonsordning, med unntak for timelister og sammendrag av timelister, som ikke er spesifisert som angitt i punkt 3 i rundskrivet..

Fagernes 17.mars 2004

  
Age Sandsengen  
revisjonssjef / registrert revisor